


DET  
VESTNORSKE  
TEATERET



# Årsmelding med årsrekneskap Det Vestnorske Teateret 2021



# Teatersjefens årsmelding for 2021

Når teatersjefen si årsmelding for 2021 vert noko kortare enn desse oppsummeringane normalt sett er, så er det ikkje fordi dagane, vekene eller året har vore opplevd som kortare. Det er snarare fordi dei har vore prega av at det var dei som tok oss og krevde vår merksemd der og då. Vi vart nøydde til å styre kursen etter farvatnet og møte dei utfordringane kvar dag møtte oss med.

Frå det første pandemiåret til det andre, merka vi ein stor skilnad på Det Vestnorske Teateret. Det akutte og uverkelege perspektivet vart erstatta av ein aksept for korte horisontar. Ei evne til å snu seg rundt og legge om på planar. Erfaringa kjem vi til å ta med oss og nytte til det beste for teateret framover.

## Heider til tilsette

Den største utfordringa i arbeidet har vore atterhald. For alt vi gjorde hadde i seg ein risiko for at vi måtte gjere det om, gjere det annleis eller at vi gjorde det forgjeves. Eg trur dette atterhaldet har utgjort ein trussel, ikkje berre på dette bruket, men i heile bransjen. Det har kosta mange krefter for kvar enkelt tilsett. Det er difor umogeleg for meg å oppsummere dette året utan å gje den størst tenkelege heider til dei for gong på gong å jobbe med det uføreseielige. For å ha mobilisert styrken til å trasse forbeholdet og finne motivasjon. Stor takksemd til alle tilknytta som har synt den størst tenkelege fleksibilitet og tolmod medan vi har omskipla planar og retning gjennom stormvêret er også på sin plass.

**Og planane vart skipla om.** Vi sikra oss at dei framsyninga som hadde lidd mest under 2020 nedstengingane no fekk ein ny sjanse for publikumsmøte. Vi hadde fleire produksjonar vi hadde investert store ressursar i. Dei var sentrale byggeklossar i vår strategi om vekst både med tanke på publikum og synlegheit. Såleis fann vi det rett å skubbe på andre planar for å kunne falde ut desse satsingane. At også desse nye speleperiodane skulle vere forbundne med stor usikkerheit fekk vi erfare. Til dømes då vi etter lang tids beredskap enda med å spele 8 framsyningar av «HEIM 3» med ti menneske i salen (som var maxgrensa på dette tidspunktet). Den første framsyninga vi spelte med like mange i salen som på scena utgjør nok det sterkaste minne frå teateråret som gjekk. Eit scenario som tidlegare ville vore utenkeleg vart ein realitet. I ettertid hugsar vi opplevinga av takksemd og kjensla av den gjensidige avhengigheita mellom scene og sal. Dette tiltrengte publikumsmøte etterlot oss med ei kjensle av meining trass alt.

For eit teater som hyrer inn kunstnarlege utøvarar på engasjement vart det eit hasardspel å gjette på kor stor aktiv beredskap ein skulle halde oppe til ei kvar tid. Men sett frå perspektivet som omsluttar heile økosystemet i bransjen, var det likevel heilt rett å gje størst mogeleg tryggleik i føreseielege kontraktperiodar og forankring hos institusjonen.

## Sårbart teater

Gjennom pandemien har det blitt svært tydeleg for oss at utviklinga DVT står inne i har gjort oss sårbare. Vi er ikkje berre nyetablerte i eit nytt hus som snart skal stå ferdig. Vi er også nyetablerte i publikumsrelasjonar og kunstnarlege nettverk rundt huset. Vi har vokst enormt etter flyttinga til Bergen sentrum, men eg har kjent på kor skrøpeleg veksten er all den tid den er så avhengig av at vi tek mykje publikum inn.

Medan vi levde i denne usikkerheita fann vi likevel kunstnarleg giv og då kanskje særleg i dei prosjekta som omfamna publikumsavgrensinga som eit konseptuelt premiss. «Min middag med André» vart såleis eit døme på at eit prosjekt kunne oppstå i kraft av at ein annan arena la til rette for eit godt publikumsmøte med intim setting og felles måltid.

Vi kjenner oss stolte over å ha gjennomført eit breitt og rikt repertoar gjennom året og såleis kjempa for vår eigen relevans og vår kontakt med publikum og samfunnet. Den største sorga var dei prosjekta som måtte leggast ned av di tilgjengelege speledagar vart ete opp av nedstenging og streik. I særleg grad vil eg trekke fram «Stengd gitar» som eit stort tap for sesongen. Slike sorger finns det mange av rundt omkring i oppsummeringa av teateråret. Bak dei ligg store investeringar av engasjement og kunstnarleg vilje som aldri vart forløyst.

### **Motivasjon til å gjenoppta kontakt**

Vi på Det Vestnorske kjenner oss motiverte for å gjenoppta kontakten med publikum og invitere dei inn til gode og sterke opplevingar igjen. Vi ser fram til det og er på mange måtar styrka i vår motivasjon etter å ha erfart kva tomme salar og stengte institusjonar gjer med oss, men også kva det gjer med samfunnet vårt. Vi står sterke saman, men har med oss eit sterkt medvit om at det ligg ein stor jobb framfor oss for å gjenreise fellesskap og kultur. Det kviler eit ansvar på oss i å halde trua oppe på møteplassane som ein umisteleg arena i ei polarisert samtid. Likeeins eit ansvar for å halde rekruttering og arbeidssikkerheit oppe for alle frilansarar som treng sterke institusjonar no.

Med desse erfaringane i bagasjen held Det Vestnorske Teateret fram med å vere ambisiøse på vegner av sitt kunstnarlege potensiale, si språkpolitiske oppgåve og sitt samfunnsmandat. Vi veit at vi trengs.



*Teatersjef Solrun Toft Iversen. Foto: Privat*

# Styret si årsmelding for 2021

## Nok eit utfordrande år

Vi gjekk ut av året 2020 med stengte teater etter at vi ein kort periode hadde hatt ei forsiktig gjenopning om hausten. Gjenopninga og stadige restriksjonar førte til at vi ikkje fekk spelt ut fleire førestillingar som publikum difor ønskte gjenopptaking av. Særleg gjaldt dette vestlandskrøniken vår *Heim*, Bergsveinn Birgisson si fine historie *Svar på brev frå Helga*, Frode Grytten sitt stykke *Djevelen og eg* og endeleg Maria Gripe sin klassikar *Tordivelen flyg i skumringa*. Teateret stod i ein nesten umogleg spagat der vi ville ta opp att desse stykka som eit tilbod til vårt trufaste publikum, medan vi og hadde planlagt nye produksjonar som vi ville innpasse i vårt program. Som følgje av denne umoglege situasjonen med avgrensa tal på scener og økonomi, vart og nokre produksjonar kansellert eller flytta til 2022/23.

Trass i at vi i januar 2021 berre kunne spele med 10 publikummarar i salen, gjennomførte vi 8 framsyningar med *Heim* med 9 på scena og 10 i salen. Kulturdepartementet og andre myndigheiter ønskte at det var aktivitet, og Det Vestnorske Teateret tok ei avgjerd på at vi skulle levere framsyningar, sjølv om talet på publikum vart ekstremt lågt. Etter kvart som ein opna opp att ut over våren, vart eit stor avgrensing at helsemyndigheitene framleis heldt fast på at det berre kunne vere 50 i salen om stolane ikkje var faste, då i tydinga fastskrudd i golvet. Trass i ei iherdig lobbyverksemd frå Norsk Teater- og Orkesterforeining, Norske Teaterleiarars Foreining og Spekter, vart denne føreseigna ståande gjennom heile vårsesongen. I tillegg innførte ein geografiske restriksjonar der publikum ikkje kunne reise på tvers av kommunegrenser. For billettsal og pleie av publikum vart dette sjølv sagt svært negativt.

Dei nye produksjonane i 2021 var *Røyst*, i samarbeid med artisten Bodil Rørtveit/Syv Mil, det eigenutvikla stykket *Rett på sak*, Andre Gregory og Wallace Shawn sitt stykke *Min Middag med André*, utdrag av *Peer Gynt* i Jon Fosse si omsetjing i samarbeid med Musikkelskapet Harmonien, Jon Fosse si sterke historie *Stengd Gitar* og *Min Kenneth*, ein hyllest til komponisten og musikaren Kenneth Sivertsen av og med Sigurd Sele og med regi av Aslak Moe. I samband med 10-årsmarkeringa for 22. juli 2011, viste fleire norske teater *03:08:38 Tilstander av unntak* av Tore Vagn Lid i digitalt opptak i juni, medan Det Vestnorske Teateret og spelte stykket tre dagar i teatersalen.

Planlegginga gjennom året vart prega av skiftande restriksjonar og låg føreseielegheit. Kulturdepartementet hadde i sine løyvingar gitt noko kompensasjon for 1. halvår som følgje av at ein forventa fortsett delvis nedstenging. For Det Vestnorske Teateret utgjorde det kr. 2.930.000. Dette beløpet, saman med det vi førte over frå 2020, heldt hjula i gong i denne teatersesongen. For 2. halvår kom det berre ei omfram løyving på kr. 314.000. Dette tolka teateret og som eit signal om at vi etter kvart ville få normale tilhøve i vår sektor. Etter den store gjenopninga 25. september hadde vi difor tru på at vi ville få normale tilhøve og at publikum ville ta teatera i bruk igjen. Sjølv med gjenopning, merka ein noko nøling blant publikum når det kom til å kjøpe teaterbilletter. At sektoren samstundes vart råka av ein streik, hjelpte heller ikkje på i dette første forsøket på ei normalisering i bransjen. På slutten av året vart det ny restriksjonar som følgje av Omikronvarianten av Covid.

Det Vestnorske Teateret har parallelt med teaterframsyningar i salen og halde liv i eit kulturprogram på intimsцена vår under vignetten Nynorskens Hus. Nynorskens Hus har ulike typar av framsyningar, og samproduksjonar som *Hit eit steg* – frå Ingebrigt Davik sitt univers og *Løgn varar lengst*, om menn og rettar i samband med barnefordelingsaker. Av eigenprodusert program har vi hatt Karantenebrev, NynorskQuiz, utdrag frå Hundemanuskripta av Jon Fosse for å nemne nokre eksempel.

## **Publikumsopplutning under og etter pandemien**

Det Vestnorske Teateret har hatt store ambisjoner for publikumsbygging etter at vi for alvor starta opp i Bergen sentrum hausten 2017. Førebels topp hadde vi i 2019 då 43 866 publikummarar opplevde våre produksjonar på eigen og andre scener, samt på turné. I det første koronaåret, 2020, var dette talet redusert til 18 778. I 2021 vart dette talet ytterlegare redusert til 10 235, hovudsakeleg som eit resultat av sterke restriksjonar i høve til tal på publikum og retningslinjer for reiser på tvers av kommunegrensar.

Som nemnd tidlegare merker vi ei viss nøling blant publikum. Dels kan dette skuldast at dei er usikre på om dei faktisk får gå på framsyningar der dei har kjøpt billett. Eit godt døme på det er at det er langt færre førehandssal enn tidlegare. Publikum kjøper billett tett opp til framsyningsdato. Ei anna og større utfordring er at ein god del av det middelaldrande publikum er skeptiske til å kome attende, av di dei er redd for å bli smitta. Når myndigheitene so lenge har køyrt på restriksjonar for å avgrense smitte, har denne haldninga sett seg i befolkninga. Styret og leiinga i Det Vestnorske Teateret ser det som ei stor oppgåve, saman med andre teater og myndigheitene, å starte ei gjenoppbygging av publikum sin tillit og engasjement for den analoge teateropplevinga.

Talet på publikum på eigen scene (inkludert hotell Terminus og Grieghallen) i 2021 vart 6 969 (11 772). Teateret har vidare vore på turné med to samproduksjonar med totalt 2 393 publikummarar, mellom anna mange barn og unge (5 456 i 2020). Med dette vert det totale publikumstalet som har sett våre eigne og samproduksjonar i 2021 9362 (18 418). Beleggprosenten har variert mellom 40 og 100%, men der det mest vanleg har vore om lag 60% med gjeldande restriksjonar.

Det Vestnorske Teateret vil vere eit hus for den vestnorske kulturen. Bergen kommune har for året 2021 løyvd 1 017 000 til teateret slik at vi framleis kan programmere og innby til eit variert kulturprogram på nynorsk. I 2021 har vi hatt 25 (26) arrangement med til saman 423 publikummare.

Når vi reknar inn kulturprogrammet, gjestespel og program knytt til formidlingsaktivitet (9 med 274 publikummarar) i samband med produksjonane, vert det totale publikumstalet 10 707 (18 778). Det totale talet på arrangement var 259 i 2021.

## **Byggeprosjektet**

I 2021 flytta administrasjonen inn i same bygg og fekk same adresse som teateret. Byggeprosjektet som vart starta i 2020 har hatt god framdrift gjennom året, og nye lokale er stilt til rådvelde for kostymelager, møteverksemd og nye toalettfasilitetar for publikum. Samstundes er det kome på plass ventilasjonsaggregat for alle delar av det gamle bygget med unnatak av teatersalen som er naturleg ventilert. Dette har blitt ei stor forbetring av arbeidsmiljøet for tilsette og vårt publikum. Det siste nybygget, som skal huse verkstad, mindre lager og tekniske rom, samt ein ny scene 2, er i ferd med å reise seg på sida av den gamle bygninga. Planlagt innflytting i denne delen er hausten 2022. Det er soleis gjort ei forsering i høve til opprinneleg tidsramme.

Parallelt med bygginga oppgraderer vi den gamle teatersalen med ny infrastruktur og nytt teknisk utstyr innan lys, lyd, AV og nye trekk.

Prosjektet har i løpet av 2021 ikkje vore råka av forseinkingar som følgje av koronarestriksjonar. Byggekostnadsindeksen har stege mykje i løpet av byggeperioden, men prosjektet er framleis innafør dei rammer som er sett av til denne posten og anna uforutsett.

## **Organisasjon og medarbeidarar**

Teateret har gjort nokre mindre endringar i organisasjonen i løpet av 2021, mellom anna har ein styrkt administrasjonen med ei stilling som økonomisjef. Reidun Melvær Berge er tilsett i eit årsengasjement som skodespelar.

Dei stadige endringane og heilt nedstenging i periodar har vore ein krevjande prosess for tilsette og leiing. Teateret har fokusert på drift gjennom heile året, og med unnatak av *Stengd gitar* har vi og fått vist alle produksjonane for eit publikum – om enn få i enkelte produksjonar.

Teateret har hatt omfattande smittevernsrutinar både for publikum og tilsette. Bedriftshelsetenesta har vore trekt inn i arbeidet, både i form av testing av skodespelarar og tilsette, men og som rådgjevarar for plassering av stolar og avstand mellom publikum og skodespelarar. Det har vore laga nye reviderte beredskapsplanar og eigne smittevernsrutinar for kvar produksjon. Dette arbeidet har påført teateret betydelege kostnader, men det har samstundes vore naudsynt for at vi skulle legge til rette for eit trygt teaterbesøk.

Sjølv om 2021 har vore eit krevjande år, vil styret og teatersjef vurdere arbeidsmiljøet ved teateret som godt. Karanteneføresegner i samband med nærkontakt til Covid-smitta har vore ein av dei hyppigaste årsakene til korttidsjukefråvær. I 2021 har teateret og hatt ein del meir langtidssjukefråvær – 70 dagar mot 44 i 2020. Det totale sjukefråværet gjekk noko opp, frå 2,1 % i 2020 til 3,0 % i 2021. Ser ein bort frå langtidssjukefråvær meir enn 16 dagar, er sjukefråværet 1,6% mot 0,8% året før. Det er meldt 1 skade i løpet av året som trong tilsyn ved legevakta. Fråvær som følgje av dette var ½ dag som følgje av kuttskade. Styret har fokus på at det skal vere eit godt arbeidsmiljø ved teateret. Omsyn til smittevern og fokus på at teateret skal vere ein trygg arbeidsplass har hatt ein stor plass i teateret sitt HMS-arbeid i 2021.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består av fem kvinner og to menn. Styret er samansett av fire kvinner og to menn. Teateret legg vekt på å legge til rette for å tilsetje personar med ikkje-nordisk bakgrunn når desse er fullt ut kompetente og kvalifiserte for stillinga. Teateret følgjer tariff-føresegnene i bransjen og har fokus på at det ligg til grunn eit likelønsprinsipp for tilsette med lik kompetanse og stillingsomtale.

Styret vil særleg takke dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2021. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Det Vestnorske Teateret har hatt i 2021 og meiner at vi trass i dagens utfordringar kan sjå fram mot eit fruktbart og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

## Økonomi

Som venta vart det ei kraftig nedgang i talet på publikum som fekk moglegheit til å sjå førestillingar på teateret i 2020 - frå 12 962 i 2020 til 6880 i 2021, fordelt på 153 (115) framsyningar.

Grunnløyvinga frå Staten, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune var opprinneleg kr. 29 984 000 (kr. 25 009 000 i 2020). Av desse var 2 930 000 ekstra covid-støtte frå staten og 1 000 000 var ekstra støtte til prosjektet Heime i Nynorsken frå staten og Bergen Kommune. I juli månad tilførte Staten kompensasjon for framleis covid-restriksjonar på kr. 314 000. I november vart Det Vestnorske teateret tildelt kr. 850 000 frå staten, som skulle gå til prosjekta Heime i Nynorsken og Digitalisering. Vestland fylkeskommune lyste og ut ein pott hausten 2021 knytt til tiltak knytt for auka publikumstilstrøyming. Det Vestnorske Teateret fekk her kr. 200 000 etter søknad.

Mange framsyningar vart spelt med redusert publikumskapasitet. I tillegg vart mange førestillingar avlyst, heilt eller delvis. Saman med andre kostnadssparande tiltak, førte det til ein del produksjonar vart flytte til 2022 og unytta midlar på desse produksjonane vart og flytta til 2022. Styret har difor omdisponert kr. 1 100 000 av løyvingar frå Staten og kr 934 964 frå Bergen Kommune som øyremerkte midlar til kunstnarlege produksjonar i 2022. Flytting av Statstilskottet er avklara med Kulturdepartementet.

Som tidlegare år har styret i Det Vestnorske Teateret vedteke å trekkja dei auka tildelingane til Logenprosjektet ut av resultatrekneskapen og ført midla som langsiktig gjeld i balansen. Totalt i 2021 vart det sett av kr. 4 620 788. Resten av tilskottet på kr. 26 660 898 (21 838 517) er inntektsført i resultatrekneskapen. Eigne inntekter, inkludert tilskott frå private gjevarar vart kr. 3 262 913 (kr. 6 374 610). Tilskott og eigne inntekter summerte seg med det opp til kr. 29 923 811 mot kr. 28 213 127 i 2020. Kostnadssida vart auka til kr. 29 856 787 frå kr. 29 339 379 året før.

Resultatet etter finansinntekter og kostnader er med det eit overskot på kr. 44 804. Trass i mange endringar og betydelege inntektstap som følgje av nedstenging, har nøktern budsjettering, kostnadsstyring og ulike kompensasjonsordningar gjort at vi kom ut i balanse.

Det er totalt investert kr. 15 663 470 (18 337 267), hovudsakeleg investeringar knytt til Logenprosjektet. I 2020 er det og investert kr. 356 285 i tilrettelegging av kontorlokala i same hus

der teateret er. Teateret investerer og årleg i den teatertekniske utstyrsparken. Kr. 532 936 (1 892 909) vart brukt til dette i 2021, mellom anna kjøp av nytt lydutstyr og projektor. Selskapet si frie likviditetsbeholdning utgjør kr. 5 838 646 (17 672 664) per 31.12.2021 (frie omløpsmidlar fråtrekt bunden skattetrekk). Styret har ei fortløpande vurdering av likviditeten sett opp mot den finansielle risikoen.

Styret meiner likviditetssituasjonen ved teateret framleis er god. Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilete av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2021 til etterretning. Styret rår til at overskotet vert nytta til å styrke eigenkapitalen som då aukar frå kr. 5 556 284 til kr. 5 601 088. Styret vil fortsett arbeide for at økonomien ved teateret vert styrka. Vestland Fylkeskommune har gjeve tilsegn om auka løyvingar for 2021 og det vert arbeidd med ei løysing der og Staten ved Kulturdepartementet, aukar sine løyvingar. Det er og kome politiske signal om at ABE-reforma, som har redusert løyvingane med 0,5% i høve til løns- og prisstigninga, vil bli avskaffa frå 2023.

I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

## Covid-19

Kultursektoren har vore hardt råka av ulike tiltak som gjeld nedstenging og kraftig reduksjon i talet på plassar tilgjengeleg for publikum for at ein skal ta vare på smittevernomsyn. Særleg har reglane om fastmonterte seter frå november 2020 råka teateret hardt, sidan vi med desse reglane berre kan ha 10 publikummarar i salen der ein normalt kan ha 330 - og med vanleg smittervernreglar kan ha inne om lag 135. Staten har i sine løyvingar tatt omsyn til restriksjonar 1. halvår 2021, og har løyvd 2,93 mill. kroner omframt til teateret. Vidare har ein og tatt omsyn til redusert salkapasitet både i programmeringa og budsjetteringa for det meste av 2021.




Med 75% fullvaksinerte i den norske befolkninga, og ein mildare Covid-variant er risikoen for alvorleg sjukdom som følgje av Covid kraftig redusert iht signaler frå myndighetene. Styret håpar at dette etter kvart vil redusere angsten i befolkninga og opne opp for at ein tek kulturen i bruk på ny. Styre vil samstundes peike på at dette kan ta meir tid enn det ein tidlegare hadde håpa på.

## Miljø

Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd. Det Vestnorske Teatret deltek i eit prosjekt saman med dei fleste andre norske institusjonsteatera for å redusere miljøpåverknaden frå teaterdrifta. Teateret har byrja arbeidet med å verta sertifisert som Miljøfyrtårn, og no arbeidar ein med å dokumentere korleis vi arbeider for å ikkje påverke miljøet negativt, og sjå på nye løysingar for å oppfylle alle krava som Miljøfyrtårn. Det meste av den daglege drifta vert analysert og ein ser på nye løysingar for å sortere avfall betre, attvinne materiale og kostyme, gjere innkjøps- og reiserutinane grønare og få alle tilsette til å bidra til å bli betre på berekraft og miljø. Teateret tek sikte på å ha sertifiseringa på plass i løpet av første kvartal 2022.

### STYRET FOR DET VESTNORSKE TEATRET AS

31. desember 2021  
Bergen, 22. februar 2022

 Pål Wergeland Lorentzen Styreleiar	 Vivian Midtsveen Styremedlem	 Ragnhild Sivertsen Stolt-Nielsen Styremedlem
 Rasmus Laupsa Rasmussen Styremedlem	 Solfrid Glesnes Tilsettes representant	 Gunn Amdal Mongstad Styremedlem
 Solrun Toft Iversen Dagleg leiar		

# **Årsrekneskap 2021:**

- Resultatrekneskap**
- Balanse**
- Noter**

**Revisjonsberetning**

**Resultatrekneskap**

	Note	2021	2020
<b>Driftsresultat</b>			
Salsinntekt	2	29 919 980	28 213 127
Anna driftsinntekt		3 831	31 597
Sum driftsinntekter		<u>29 923 811</u>	<u>28 244 724</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad	6	0	227 366
Prosjekt- og produksjonskostnader	5, 6	3 751 395	4 357 342
Lønnskostnad	4, 6	17 880 973	17 454 124
Avskrivning	6, 7, 8	1 730 650	1 327 630
Annan driftskostnad	2, 4, 6	6 493 768	5 972 917
Sum driftskostnader		<u>29 856 786</u>	<u>29 339 379</u>
Driftsresultat		<u>67 025</u>	<u>-1 094 655</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna finansinntekt		161 033	64 627
Annan finanskostnad		183 254	99 901
Netto finans		<u>-22 221</u>	<u>-35 274</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>44 804</u>	<u>-1 129 929</u>
<b>Årsresultat</b>		<b><u>44 804</u></b>	<b><u>-1 129 929</u></b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overføring til/frå annan eige kapital	17	<u>44 804</u>	<u>-1 129 929</u>

---

# Det Vestnorske Teateret AS

---

## Balanse pr. 31. desember

	Note	2021	2020
<b>Anleggsmidler</b>			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	8	40 109 686	27 039 762
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	8	4 632 264	3 807 216
Sum varige driftsmiddel		<u>44 741 950</u>	<u>30 846 978</u>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Investeringar i aksjar og partar	9	25 000	25 000
Andre krav	14	7 000	0
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>32 000</u>	<u>25 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>44 773 950</u>	<u>30 871 978</u>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<i>Krav</i>			
Kundekrav	2	283 439	458 744
Andre krav	11	2 375 395	1 280 518
Sum krav		<u>2 658 834</u>	<u>1 739 262</u>
<i>Investeringar</i>			
Marknadsbaserte aksjar	9	23 265	23 265
Sum investeringar		<u>23 265</u>	<u>23 265</u>
Bankinnskudd, kontanter og liknande	3	6 618 603	18 218 801
Sum omløpsmidlar		<u>9 300 702</u>	<u>19 981 328</u>
Sum egedelar		<u>54 074 652</u>	<u>50 853 306</u>

---

# Det Vestnorske Teateret AS

## Balanse pr. 31. desember

	Note	2021	2020
<b>Eigenkapital</b>			
<i>Innskoten eigenkapital</i>			
Aksjekapital	17, 18	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	17	5 501 088	5 456 284
Sum opptent eigenkapital		<u>5 501 088</u>	<u>5 456 284</u>
Sum eigenkapital		<u>5 601 088</u>	<u>5 556 284</u>
<b>Gjeld</b>			
<i>Avsetjingar for plikter</i>			
Pensjonsplikter		385 984	407 946
Andre avsetjingar for plikter	13	22 370 302	17 866 843
Sum avsetjingar til plikter		<u>22 756 286</u>	<u>18 274 789</u>
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	14, 15	12 500 000	12 500 000
Sum anna langsiktig gjeld		<u>12 500 000</u>	<u>12 500 000</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		3 308 424	5 630 896
Skyldige offentlege avgifter	3	1 459 046	1 094 677
Anna kortsiktig gjeld	12	8 449 808	7 796 660
Sum kortsiktig gjeld		<u>13 217 278</u>	<u>14 522 233</u>
Sum gjeld		<u>48 473 564</u>	<u>45 297 022</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>54 074 652</u>	<u>50 853 306</u>


31. desember 2021  
Bergen, 22. februar 2022

  
Pål Wergeland Lorentzen  
Styreleiar


  
Rasmus Laupsa Rasmussen  
Styremedlem

  
Solrun Toft Iversen  
Dagleg leiar

  
Vivian Midtsveen

Styremedlem  
  
Solfrid Glesnes  
Tilsettes representant

  
Ragnhild Sivertsen  
Stolt-Nielsen  
Styremedlem

  
Gunn Amdal Mongstad  
Styremedlem

## Noter til rekneskapen for 2021

### Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovas føresegner og god rekneskapskikk for små føretak.

#### *Salsinntekter*

Tenester vert inntektsført i takt med utføringa. Den del av salsinntekter som knyter seg til framtidige ytingar vert balanseført som uopptent inntekt ved salet, og vert etter det inntektsført i takt med levering av ytingane. Driftstilskot resultatførast samstundes med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er ført brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive.

#### *Klassifisering og vurdering av balansepostar*

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, og dessutan postar som knyt seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Langsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### *Fordringar*

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

#### *Kortsiktige plasseringar*

Kortsiktige plasseringar (aksjer og delar vurdert som omløpsmiddel) vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbyte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

#### *Varige driftsmiddel*

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnadar, medan påkostnadar eller forbetringar vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivast i takt med driftsmiddelet. Om attvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi gjerast nedskriving til attvinnbart beløp. Attvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av dei framtidige kontantstrømmene som eigneluten vil generera.

#### *Immaterielle eigneluter*

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

#### *Pensjonar*

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Årets pensjonspremie resultatførast løpande i høve til god rekneskapskikk for små føretak. Tenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd Pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

### Skattar

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd.

Overskot frå drift av bar er skattepliktig og skattekostnaden for drifta vil bli periodisert. Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 % på grunnlag av mellombels forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot som vert overført ved rekneskapsårets slutt. Skatteaukande og skattereduserande mellombels forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoført. Netto utsett skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at denne kan nyttiggjerast.

### Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetting av eigneluter og gjeld, og dessutan usikre eigneluter og for skyldnadar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

### Note 2 - Inntekter og tilskott

	2021	2020
Tilskot frå staten v/ Kulturdepartementet	18 402 000	13 372 000
Tilskot, Vestland Fylkeskommune / Bergen Kommune	8 079 686	8 401 350
Inntektsført periodisert tilskudd	179 212	65 167
Sum inntektsførte offentlege tilskot (1)	<u>26 660 898</u>	<u>21 838 517</u>
Sal av mat og drikke	0	641 307
Billettinntekter	2 362 469	3 646 071
Andre tilskot og refusjonar	894 814	2 001 232
Andre leieinntekter	1 799	86 000
Sum driftsinntekter	<u>3 259 082</u>	<u>6 374 610</u>
Sum inntekter	<u>29 919 980</u>	<u>28 213 127</u>

(1) Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive, sjå note 13.

	2021	2020
Brutto motteke tilskot frå stat og kommune	31 348 000	28 073 350
Periodisert investeringstilskot, i samsvar med styrevedtak	-4 800 000	-4 762 000
Overførte midlar frå 2020 til 2021	1 968 650	0
Overførte midlar til 2022	-2 034 964	-1 538 000
Inntektsført periodisert tilskudd, bygg tatt i bruk	179 212	65 167
Sum inntektsførte offentlege tilskot	<u>26 660 898</u>	<u>21 838 517</u>

### Note 3 - Bankinnskott

Bundne skattetrekkmidler utgjør	<b>2021</b> 779 957
---------------------------------	------------------------

**Note 4 - Lønnskostnader, antall ansatte, lån til ansatte og godtgjørelse til revisor**

<i>Lønnskostnader</i>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Lønninger	14 148 556	13 569 377
Arbeidsgiveravgift	2 169 097	1 918 892
Pensjonskostnader	949 514	1 319 712
Andre ytelser	361 083	141 182
Periodiserte lønnskostnader	252 723	504 961
Sum	<u>17 880 973</u>	<u>17 454 124</u>
Gjennomsnittlig antall årsverk	23	23
	<u>Lønn</u>	<u>Andre godtgjørelser</u>
Teatersjef / dagleg leiar	<u>1 007 559</u>	<u>4 392</u>

Det er gjort avsetjing for påløpen venteløn for noverande teatersjef. Pr 31.12.2021 hadde teatersjef opptent 6,75 månads venteløn, det er gjort avsetning for kr 648 233 i rekneskapen per 31.12.2021 (inkludert arbeidsgjevaravgift). Venteløn vert utbetalt i etterlønperioden på fastsette vilkår.

Det er utbetalt kr 195 700 i godtgjersle til styrets medlemmar i 2021.

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova. Selskapet har pensjonsordningar (OTP) som omfattar i alt 23 personar. Årets pensjonspremie resultatføres løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 971 476 i pensjonspremie i 2021, tilsvarende for 2020 var kr 1 202 584. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap.

Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnader til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over attverande oppteningstid. Det er avsett kr 385 984 i langsiktig plikt for å dekkja kostnaden. Forventa plikt ved utløp av tenestetid (2023) er estimert til kr 466 015.

**Note 5 - Prosjekt- og produksjonskostnader**

	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Leige transport og anna utstyr	18 915	31 866
Scenografi, kostyme, rekvisita	391 476	463 475
Teknisk utstyr	253 309	175 004
Marknadsføring og turnekostnad	1 350 245	1 033 842
Kunstnarlege/tekniske honorar	2 544 356	2 337 065
Anna prosjektkostnad	230 464	744 678
Periodisert prosjektkostnad	-1 037 370	-428 588
Sum prosjekt- og produksjonskostnader	<u>3 751 395</u>	<u>4 357 342</u>

## Note 6 - Anna driftskostnad

Anna driftskostnad, spesifikasjon	2021	2020
Reiseutgifter	120 890	107 645
EDB kostnader	141 385	133 124
Møbler	110 450	41 345
Driftsmateriale	84 116	28 466
Kontorrekvisita	25 466	16 389
Aviser og tidsskrift	42 276	34 430
Internett, media	49 458	44 021
Kontingenter	209 661	181 780
Reklamekostnader	178 003	195 085
Representasjon	420	4 594
Kostnader lokala	3 480 069	3 668 635
Honorar, juridisk	689 481	378 295
Andre honorarar	1 302 282	879 247
Bilkostnader	42 614	105 511
Anna driftskostnad	17 197	154 352
Sum	<u>6 493 769</u>	<u>5 972 919</u>

## Note 7 - Immaterielle eiendeler

	Goodwill
Anskaffelseskost pr 01.01.2021	1 700 000
Anskaffelseskost 31.12.2021	1 700 000
Akk. avskrivninger 31.12.2021	-1 700 000
Balanseført verdi pr.31.12.2021	0
Avskrivningsplan	Lineær 3 år

Immaterielle eiendeler ble nedskrevet til null pr 31.12.2018.

## Note 8 - Varige driftsmidler

	Aktiverte kostnader, bygg	Anlegg under utføring	Sceneutstyr	Transportmidlar	Driftsløysøyre, inventar, verktøy mm.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	18 137 324	9 943 585	217 957	397 088	7 070 828	35 766 782
Tilgang kjøpte driftsmidler	664 551	13 323 989	644 617	0	1 030 313	15 663 470
Anskaffelseskost 31.12.	18 801 875	23 267 574	862 574	397 088	8 101 141	51 430 252
Akk. avskrivning 31.12.	-1 959 765	0	-204 623	-108 721	-4 415 193	-6 688 302
Balanseført pr. 31.12.	16 842 110	23 267 574	657 951	288 367	3 685 948	44 741 950
Årets avskrivninger	-918 622	0	-9 999	-56 724	-745 305	-1 730 650
Økonomisk levetid Avskrivningsplan	10-22år Lineær	Ikkje tatt i bruk	5 år Lineær	7 år Lineær	3-5 år Lineær	

### Note 9 - Aksjer og andeler i andre selskaper

Selskap	Anskaff.kost	Bokført verdi
Kultur Vest AS	25 000	25 000
DnB	23 265	23 265
Sum	<u>48 265</u>	<u>48 265</u>

Hordaland Teater LL eig 396 lutar i DnB Nor ASA. Lutane er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi pr 31.12. Lutane vart tildelt Teateret då Gjensidige Forsikring vart omdanna til lutlag.

I 2010 blei det investert kr 25 000 i ein lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

### Note 10 - Leieavtaler

	2021	2020
<i>Selskapet har følgende lokaler:</i>		
Leige lokale	2 712 644	3 015 706

Selskapet har avtale for leige av lokale som strekkjer seg over 20 år, med rett til forlenging etter utløpet til kontrakten. Noverande leigeavtale strekkjer seg fram til 30.06.2038, med rett til yttarlegare forlenging med 10 år.

### Note 11 - Andre krav

	2021	2020
Framtidige framsyningskostnadar	1 464 708	428 588
Andre periodiseringer	254 810	191 505
Krav på refusjon mva.	655 877	660 425
Sum	<u>2 375 395</u>	<u>1 280 518</u>

Framtidige framsyningskostnadar og forskuddsbetalte inntekter er presentert netto, sjå også note 12.

### Note 12 - Anna kortsiktig gjeld

	2021	2020
Framtidige framsyningskostnadar og forskottsbetalte inntekter	2 458 684	222 542
Påløpt løn, etterløn teatersjef	648 233	513 451
Påløpt ferieløn	1 505 276	1 476 577
Anna påløpt kostnad	1 639 949	1 593 955
Tilskot overført til 2022, utsette framsyningar	1 500 000	3 038 000
Ansvar unytta billetter	697 666	952 136
Sum	<u>8 449 808</u>	<u>7 796 661</u>

**Note 13 - Avsetjing for forpliktelseser**

	2021	2020
Periodisert tilskott frå stat og kommune	-22 370 302	-17 866 843

Driftstilskott omfattar periodisert tilskott frå stat og kommune og resultatføres samtidig med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskott er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskott til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskriven.

**Note 14 - Fordringer og gjeld**

	2021	2020
<i>Langsiktig gjeld med forfall senere enn 5 år</i>		
Gjeld til kredittinstitusjonar	-12 500 000	-12 500 000

Førebels er det trekt opp NOK 12 500 000 i lån, sjå note 15. Dersom byggjeprojektet overstig investeringsramma på 70,0 mill. NOK må eigar dekkja det overskytande. Lånet er avdragsfritt fram til 01.01.2023. Nedbetaling av lån skal gjennomførast med like avdrag fordelt over 22 år fram til 31.12.2042.

**Note 15 - Pant og garantier**

Vestland Fylkeskommune har stilla offentlig kausjonserklæring på kr 77 000 000 i forbindelse med finansiering av byggeprosjektet i Logen.

**Note 16 - Skatt**

<i>Berekening av årets skattegrunnlag:</i>	2021
Ordinært overskott før skattekostnad	-1 169 161
Årets skattegrunnlag	<u>-1 169 161</u>

<i>Oversikt over mellombels skilnader</i>	2020
Akkumulert underskott til framføring	-3 724 544
Netto mellombels skilnader pr 31.12	<u>-3 724 544</u>

Utsett skattefordel (22%)	-819 400
---------------------------	----------

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd. Skatteplikta gjeld overskot frå drift av bar. Utsett skattefordel er ikkje balanseført i tråd med god rekneskapsskikk for små føretak.

**Note 17 - Egenkapital**

	Ordinære lutar	Annen egenkapital	Sum
Egenkapital 31.12.	100 000	5 456 284	5 556 284
Egenkapital 01.01.	100 000	5 456 284	5 556 284
Årsresultat	0	44 804	44 804
Egenkapital 31.12.	<u>100 000</u>	<u>5 501 088</u>	<u>5 601 088</u>

## Note 18 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen består av:

	<b>Antall</b>	<b>Pålydende</b>	<b>Balanseført</b>
Ordinære lutar	400	250	100 000

Oversikt over aksjonærene i selskapet pr. 31.12:

	<b>Ordinære aksjer</b>	<b>Eierandel</b>	<b>Stemmeandel</b>
Vestland Fylkeskommune	240	60 %	60 %
Vestlandske Teatersenter	80	20 %	20 %
Vestland Fylkeskommune Ungdomslag	20	5 %	5 %
Vestland Fylkeskommune Folkeakademi	20	5 %	5 %
Vestland Fylkeskommune Mållag	20	5 %	5 %
Voksenopplæringsforbundet	20	5 %	5 %
<b>Sum</b>	<b>400</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

Til generalforsamlinga i Det Vestnorske Teateret AS

## **Melding frå uavhengig revisor**

### **Konklusjon**

Vi har revidert Det Vestnorske Teateret AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 44 804. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### **Sentrale forhold ved revisjonen**

Sentrale forhold ved revisjonen er dei forhold vi meiner var av størst tyding ved revisjonen av årsrekneskapen for 2021. Desse forholda vart handterte ved revisjonens utførelse og då vi danna meininga vår om årsrekneskapen som heilskap. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse forholda.

### **Ytterlegare informasjon**

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar årsrapporten. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

## Forum Revisjon AS

Medlem av Den norske Revisorforeningen

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.


Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 22.02.2022  
Forum Revisjon AS

  
Eirik Hordvik  
statsautorisert revisor

# Repertoaret 2021

## Eigne produksjonar

### Heim 3

*Del tre 1985-1995 av den musikalske vestlandskrønika*

**Av:** Frode Grytten, Pedro Carmona-Alvarez, Selma Lønning Aarø, Finn Tokvam, Brynjulf Jung Tjønn, Gunnar Staalesen, Linda Eide, Kristin Auestad Danielsen, Ruth Lillegraven, Claus Sellevoll, Bjarte Hjelmeland og Solrun Toft Iversen.

**Regi og koreografi:** Hilde Sol Erdal

**Dramaturg:** Solrun Toft Iversen

**Scenografi og kostymedesign:** Lise Christensen

**Lysdesign:** Silje Grimstad

**Lyd:** Cem Arapkirlioglu

**Danseinstruktør:** Santino Mirena

**Med:** Peder Lauvås, Sigrid Moldestad, Claus Sellevoll, Irene Waage og Anne Wiig

**Voksne Herrers Orkester:** Harald Dahlstrøm, Ole Marius Sandberg, Mathias Marstrander, Sondre Veland

**Urpremiere i Logen:** 11. februar 2020 **Speleperiode 2021:** 20.- 28. januar

**Framsyingar:** 8 **Publikum:** 80

NB: Framsyninga vart spelt med særstrenge koronarestriksjonar (Kun 10 publikummarar per framsyning)



Foto: Andreas Roksvåg

## Svar på brev frå Helga

*Om moden kjærleik og sagn*

**Av** Bergsveinn Birgisson **Omsett av:** Johannes Gjerdåker

**Dramatisering og regi:** Stig Amdam **Scenografi og kostymedesign:** Åse Hegrenes

**Dramaturg:** Solrun Toft Iversen **Med:** Helge Jordal og Ragnhild Gudbrandsen

**Konseptuell lys- og videodesign:** Einar Bjarkø. **Lysdesign Riksteatret:** Kai Roger Havn

Produsert av Det Vestnorske Teateret, turnésamarbeid med Riksteatret. Produsert etter avtale med Teaterforlaget Songbird AS. **Noregspremiere:** Riksteatret, Oslo 13. sept. 2019

**Speleperiode 2021:** 23. februar - 27. mars i Logen **Framsyingar:** 25 **Publikum:** 1759

Framsyinga vart spelt med strenge koronarestriksjonar.



Foto: Eirik Berg

## Rettt på sak

*8 kjende kvinnestemmer – 8 ukjende kvinner – 1 skodespelar*

**Manus:** Frode Gjerløw og Reidun Melvær Berge **Regi:** Frode Gjerløw **Med:** Reidun Melvær

Berge **Scenografi:** Frode Gjerløw **Musikk:** Kato Ådland **Research assistent:** Oda

Alisøy **Urpremiere:** 19. mars 2021 i Logen Bar. **Speleperiode:** 19. mars - 22. 15 framyingar

**Publikum:** 137. (Framsyinga vart spelt med særst strenge koronarestriksjonar og max tal på publikum per framsying varierte mellom 6, 10 og 16.)



Foto: Thor Brødreskift

## Morgon og kveld

*Fiskaren Johannes i ytterpunktene av sin livssyklus*

**Av:** Jon Fosse **Regi:** Terje Skonseng Naudeer **Dramatisering:** Hildegun Riise  
**Med:** Stig Amdam **Premiere:** 29. august 2019 i Logen. **Filmatisering i samarbeid med Festspillene i Bergen. Filmpremiere:** 21. mai 2020, publisert på fib.no, bt.no og DVT sine nettsider. I 2021 kunne filmen sjåast på våre nettsider 1.-15. januar 2021  
Filmen vart også vist på festivalen: «Siste Kapittel» 19. juni i Aulaen, Universitetet i Bergen.



*Foto: Det Vestnorske Teateret*

## Djevelen og eg

*Teaterkonsert av Frode Grytten, med Frode Grytten Beat Band*

**Av:** Frode Grytten **Regi:** Lasse Kolsrud **Scenografi og kostyme:** Olav Myrftvedt **Lysdesign:** Silje Grimstad **Lyd:** Jørgen Brennhovd  
**Med:** Frode Grytten Beat Band: Pedro Carmona-Alvarez, Annlaug Børsheim, Ivar Thormodsæter, Einar Sogstad, Anders Bitustøyl, Michael Barnes, Frode Grytten,  
**Urpremiere:** 5. september 2020 **Speleperiode i 2021:** 13. mai – 1. juni i Logen  
**Framsyingar:** 15 **Publikum:** 866.  
Framsyinga vart spelt med strenge koronarestriksjonar.



*Foto: Thor Brødreskift*

## Min middag med André

*Ein samtale mellom to teaterkunstnarar*

**Manus:** Wallace Shawn, André Gregory **Omsett av:** Ola E. Bø

**Regi:** Miriam Prestøy Lie **Scenografi og kostyme:** Olav Myrtvedt

**Med:** Morten Espeland, Huy Le Vo, Reidun Melvær Berge og Helge Lilletvedt (piano).

**Lyd:** Cem Arapkirlioglu **Lys:** Jon Eirik Sira **Teaterforlag:** Nordiska ApS

**Urpremiere:** 22. mai 2021 **Speleperiode:** 22. mai – 9. juni på Grand Hotel Terminus.

**Framsyingar:** 18 **Publikum:** 474

Framsyinga vart spelt med strenge koronarestriksjonar



Foto: Ane Bysheim

## Løgn varar lengst

*Dokumentarframsyning om ein forelders kamp mot systemet*

**Av og med:** Aslak Moe. **Dramaturg:** Solrun Toft Iversen. Ein samproduksjon mellom Aslak Moe og Det Vestnorske Teateret.

Research til framsyinga er gjort i samarbeid med Riksteatret.

**Premiere:** Teaterfestivalen i Fjaler 13. september 2020

**Speleperiode i 2021:** 28. mai - 3. juni i Logen og 21. nov. på Teater Innlandet.

**Framsyingar:** 8 **Publikum:** 131. Framsyinga vart spelt med strenge koronarestriksjonar



Foto: Det Vestnorske Teateret

# Tordivelen flyg i skumringa

*Sanseleg klassikar i ny drakt*

**Av:** Maria Gripe **Dramatisering og regi:** Miriam Prestøy Lie

**Scenografi- og kostymedesign:** Tora Troe **Komposisjon/lyd:** Selma Frida Stang

**Lys- og videodesign:** Silje Grimstad **Med:** Anne Wiig, Jonas Skjelde, Petter Winther, Katrine Lunde Mackenzie og Martin K. Østensen

**Premiere:** 24. oktober 2020 på Det Vestnorske Teateret i Logen.

**Speleperiode i 2021:** 18. november - 11. desember **Framsyingar:** 14

**Publikum:** 1241. Framsyinga vart spelt med strenge koronarestriksjonar.



Foto: Andreas Roksvaag

# Stengd gitar

*Sterk forteljing om ei ung mor som slit psykisk.*

**Av Jon Fosse Musikalsk versjon iscenesett av:** Fredrik Longva **Scenografi og kostyme:** Olav

Myrtvedt **Lysdesign:** Silje Grimstad **Med:** Reidun Melvær Berge og Even Kjelby

**Lydteknikk:** Cem Arapkirlioglu **Planlagt premiere:** 7. oktober **Speleperiode:** 7.- 23. oktober.

**Planlagte framsyingar:** 12

Alle framsyingane vart avlyst på grunn av streik blant tilsette. (Fagforbundet og NTL)



Foto: Thor Brødreskift

# Min Kenneth

*Sigurds kjærleiksfulle oppgjær med sambyggingen Kenneth Sivertsen - gjennom song og musikk, gravalvor og galgenhumor.*

**Av** Aslak Moe og Sigurd Sele **Med** Sigurd Sele og band

**Musikarar:** Harald Dahlstrøm (tangentar) Thomas Valeur (gitar), Sondre Veland (trommer), Ole Marius Sandberg (bass, m.m)

**Regi:** Aslak Moe **Lysdesign:** Silje Grimstad **Scenografisk konsulent:** Olav Myrtvedt

**Koreografisk konsulent:** Hilde Sol Erdal

**Urpremiere:** 27. november 2021 på Det Vestnorske Teateret i Logen.

**Speleperiode:** 27. november - 18. desember **Framsyingar:** 18

**Publikum:** 1204. Framsyinga vart spelt med strenge koronarestriksjonar.



Foto: Thor Brødreskift

## Samarbeidsproduksjonar:

### Hit eit steg

*Musikalsk framsyning basert på Ingebrigt Daviks fargerike univers*

**Av** Lina Taule Fjørtoft i samarbeid med regissør Ingrid Askvik og musikalr Toivo Fjose.

**Med** Lina Taule Fjørtoft **Musiker og arrangør:** Toivo Fjose

**Regi og dramaturgi:** Ingrid Askvik

Produksjonen er utvikla i samarbeid med Det Vestnorske Teateret, og støtta av Kulturrådet Norsk kulturfond og Norsk skodespelarforbund. Produsert etter ein avtale med: Songbird Agency / Teaterforlaget Songbird AS.

**Urpremiere:** 3. oktober 2020 på Det Vestnorske Teateret i Logen Bar

**Spelt både vår og haust 2021. Framsyningar i 2021:** 92 framsyningar på turné i Vestland, Møre og Romsdal, Vestfold og Telemark. 3 framsyningar på Det Vestnorske Teateret i Logen Bar.

**Totalt publikum:** 3222. Framsyninga vart spelt med strenge koronarestriksjonar.



Frå «Hit eit steg», foto: Michaela Gettwert



Foto «Røyst»: Jørn Lavoll

### Røyst

*Ei kompakt og togreise-vennleg framsyning med kun ei kvinne, to koffertar og der omlag 80% av alle rekvisittane og kostymane i framsyninga er berekraftige!*

**Utøvar/komposisjon/konsept:** Bodil Rørtveit. **Regi/konsept:** Ingrid

Askvik. **Scenografi/kostymedesign/konsept:** Silje Sandodden Kise.

**Produksjon:** Syv Mil AS. Produsert i samarbeid med Det Vestnorske Teateret

**Lyddesign:** Elaine Maltezos **Lysdesign:** Jon Eirik Sira **Lysteknikar:** Lise-Lotte Flesland

**Kostymemakar:** Julie S. Jensen **Dramaturg-konsulent:** Åste Marie Bjerke **Tekstkonsulent:** Hilde Trætteberg Serkland

**Speleperiode** 13. april (*Urpremiere*) – 17. april på Det Vestnorske Teateret. **Framsyningar:** 6

**Publikum:** 139 **Turné:** 4 framysningar **Publikum:** 305 **Totalt publikum:** 444.

Framsyninga vart spelt med strenge koronarestriksjonar.

# Peer Gynt

*Scenisk konsertframføring og livestraum.*

**Tekst av** Henrik Ibsen, **til nynorsk av** Jon Fosse. **Musikk:** Harald Sæverud Symfoni nr. 5 "Quasi una Fantasia" **Dirigent:** Ingar Bergby **Regi** Bjarte Hjelmeland

Med: Bergen Filharmoniske Orkester, Edvard Grieg Kor og skodespelarane: Lars Berge Reidun Melvær Berge og Karoline Krüger,  
Samarbeid med Bergen Filharmoniske Orkester

**2 framsyningar** 6. og 7. mai i Grieghallen. **Publikum:** 200

På grunn av strenge koronarestriksjonar fekk ein kun lov til å spele for 100 personar kvar kveld.

Arrangementet vart livestrømma direkte til Harmoniens nettside fredag 7. mai kl. 19.30 for eit publikum på 1105.



Foto: Lars Svenkerud

## 03:08:38 Tilstandar av unntak

*Rekonstruksjon av 22. juli 2011 presentert i sanntid*

**Av:** Tore Vagn Lid **Audiovisuelt konsept og regi:** Tore Vagn Lid. **Scenografi:** Øystein Nesehim / Tore Vagn Lid **Kamerateam:** Anders Elsrud Hultgreen / Øystein Nesehim / Tor Christian F. Bleikli  
**Teiknarar:** Øystein Nesehim, Arvid Pettersen, Fredrik Rysjedal  
**Komponistar:** Tore Vagn Lid / Terje Isungset. **Arrangør av Franz Schuberts** «Strykekvartett Døden & Jomfruen» No.14 / Strykekvintett D 956: Tore Vagn Lid

**Teknikk/Teknisk avvikling:** Mathias Grønsdahl **Lyddesign:** Tore Vagn Lid/ Morten Skage / Mathias Grønsdahl **Musikarar:** Terje Isungset, Per Jørgensen, Tore Vagn Lid, Morten Skage  
**Koristar:** Idar Aaserud Løvlid, Hilde Annine Hasselberg, Rolf J Stewart, Ingvill Espedal, Tora Kristiane Finne, Karl Reksten, Alexander Fiske Fosse, Erling Hannaas, Daniela Iancu Johannessen.  
**Research:** Øystein Nesehim, Tor Christian Bleikli, Tore Vagn Lid  
Research-team Trondheim: Forskergruppen Kontrollrommet (NTNU) Research-team Tyskland (internasjonale sendingar).

**Produsert av** Transiteatret-Bergen i samarbeid med Det Vestnorske Teatret og Vega Scene.

**Støtta av** Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilde, Vestland fylkeskommune, Bergen kommune.

**Premiere** 15. januar 2020 på Det Vestnorske Teatret i Logen

**Framsyingar i 2021:** 3 **Speleperiode:** 9.-11. juni **Publikum:** 243

Framsyinga vart spelt med strenge koronarestriksjonar.



*Foto: Transiteatret-Bergen*

*Foto: Espen Nytingnes*

## Om DVT sitt kulturprogram i Logen Bar

Programflata som tidlegare heitte «Nynorsklogen» (starta i 2019) har i løpet av hausten 2021 fått ny profil. I samråd med vår løyvende instans, Bergen kommune, fann me at profilen vår vart tydelegare for publikum om me kvitta oss med namna «Nynorsklogen» og «Nynorskens hus». For å ta meir eigarskap til huset og styrka DVT sin profil vil me på sikt også kvitta oss med namnet «Logen bar». Baren fekk etter grundige namnediskusjonar gjennom hausten 2021 namnet «Skifte» og kulturprogrammet som tidlegare vart nemnt under etiketten «Nynorsklogen» vert frå våren 2022 omtalt som DVT sitt kulturprogram i Skifte.

2021 vart i likskap med 2020 ikkje heilt det året me ynskte oss, men i ein kort og intensiv periode i mai, samt september til medio desember fekk me gjennomført ein del av dei opphavlege planane våre, om enn med visse utfordringar knytt til pandemi og streik.

Løyvinga frå Bergen kommune og ei uttalt satsing på nynorsk i Bergen, gjer programmet i Skifte mogleg. Vi set stor pris på denne politiske vilja.

Totalt vart 25 arrangement under denne programflata gjennomført for eit publikum på 423.

Vi er glade for midlane frå Bergen kommune som gjer at vi kan ha ein medarbeidar tilsett i ei 50% stilling som programkoordinator for denne programflata. Rett før sommaren vart Frøydis Århus tilsett med oppstart medio august, og overtok arbeidet etter Linda Bønnes og Tina Horrisland Engeldal.

**Vårsesongen** byrja med særstrenge koronarestriksjonar og det var ikkje mogleg å arrangere kulturprogram dei første par månadane i året. Vi brukte heller baren som prøvearena og spelelokale for teatermonologen «Rett på sak», som hadde speleperiode i mars og april.

I mai 2021 var koronasituasjonen betra seg og då avvikla me 9 arrangement som varierte frå science fiction- komedien *Perfekte barn syng* av Ingrid Weme Nilsen, til *Karantenebrev* av Marit Eikemo og Kristina Leganger Iversen. Det vart arrangert nynorskquiz, Frode Grytten og Mads Berven geista med ei musikalsk opplesing av barneboka *Gabba Gabba Hey* og det vart arrangert ei arbeidsvisning av *Styrta engel*. Blant arrangementa var det to musikkarrangement, ein konsert med Jåtten/Agbota og Irene Kinunda sitt musikalske live-kåseri *Norge - Kongo 2-2*.

**Hautsesongen 2021** starta med Kulturnatt, med utdrag frå dei tre tekstane i *Hundemanuskripta* av Jon Fosse. Desse vart lest av Reidun Melvær Berge, Claus Sellevoll og Sigmund Njøs Hovind. Me fekk seinare i november gjort ei fullengdes lesing med Sigmund Njøs Hovind og Arne Toivo Fjose på kontrabass.

Med *Stengd gitar* på programmet høvde det godt å syne Linda Eide og Sjur Hjeltnes si innføring i Jon Fosse sitt forfatterskap gjennom *Fosse for dumskallar*. Denne skulle opphavleg gå to kveldar på hovudscena, men vart i likskap med *Stengd gitar* råka av streik.

Hausten 2022 starta vi eit samarbeid med folkeminnesamlinga Memoar som vi kallar Det store vi. Det fyrste arrangementet i serien var og eit samarbeid med Mangfoldsbyen Bergen, om den Etiopiske Oromo-religionen og Bergen som Pilegrimsmål for denne minoriteten. I desember fekk me høyre om det å innvandra til norsk julefering frå Ghana og Sovjetunionen. På dette tidspunktet var smittetrykket høgt i Bergen og me sleit veldig med å få publikum til å koma, men gjennom streaming av arrangementa fekk 74 publikumarar det med seg frå skjermane sine.

Smittetrykket merkast på publikumstilfanget og dette råka spesielt dei to *Språkbarane* i samarbeid med Bergen Mållag.

**Improteaterkveldane** med Bakscenen er også ein ny programserie for hausten 2021. Dei spelar på nynorsk under namnet Kompani Aasen og har vore etter tilhøva godt besøkte arrangement trass i krevjande tider med lite publikum i omlaup. Det siste arrangementet me hadde før nye restriksjonar med skjenkestopp vart sette i verk var *Impronerande* med Kompani Aasen - Joleutgåva. Til denne kvelden inviterte me målagsungdommen på Bergen Katedralskole. Dette vart eit veldig fint møte med eit ungt publikum og gav håp og gode idéar til samarbeid i framtida.

I tillegg har me arrangert forfattarmøte med Halvor Folgerø, Gaute M. Sortland og Marit Eikemo i samarbeid med Janne Karin Støylen og det omreisande litteraturhuset Rom for ord. Denne kvelden genererte 35 personar i publikum og vart gjennomført i starten av november utan inngripande restriksjonar.

Til dei yngste barna henta me fram klassikaren *Frosken om vinteren* av Max Velthuijs, med Oda Alisøy. Den spelte me over ei helg og selde ut makskapasiteten på 20 personar begge dagane. I slutten av november fekk me eit gjensyn med Oda Alisøy og Lykke Kristine Moen med *Heime åleine*. I desember hadde me planlagt fem arrangement der fyrste var eit samarbeid med Holbergklubben i samband med Holberg sin gjeburdsdag.

Etter dette fekk me beskjed om at det kom til å komma nye innstrammingar. Dette leidde til to avlyste arrangement. Både julequizen med allsong til inntekt for hjelpeorganisasjonen Dråpen i havet og *Scenesnakk* om vårprogrammet med minikonsert frå Kor e´ tonen måtte avlysast. Dette ramma også introduksjonen til framsyninga *Min Kenneth* retta mot dei lokale mållaga, og ein podcastinnspeling av aktualitetspodcasten *Nokon må gå* frå Bergens tidende. Denne var planlagt for Hovudscena og vart utseld.

### **Nye samarbeidspartnarar**

Me er stolte av å kunne seie at me har knytt til oss fleire nye samarbeidspartnarar som skal vera med oss vidare for å styrka nynorsken sin posisjon i Bergen. Med dei erfaringane me har gjort oss for denne programflata både i og utanom unntakstilstand kan denne programflata berre vekse og meir mangfaldig med fleire spanande samarbeid på gang. Me har fått invitasjonar til Fossehuset i Strandebarm for å gjere *Hundemanuskripta*, og me skal satsa vidare på podcastinnspelinger framfor publikum i både store og små publikumsformat. Me kjem til å satsa vidare på improteater på nynorsk med Kompani Aasen, og det siste me gjorde før året 2021 tok slutt, var å senda ut ei skriveoppmoding der DVT og Proscen oppmoda skrivande til å senda oss nynorske tekstar som kan prøvast med skodespelarar i programserien *Seks skodespelarar søker nynorsk forfattar*. Dette resulterte i 14 tekstar frå 10 ulike forfattarar som me i skrivande stund er i ferd med å jobbe fram. Dette er eit viktig ledd i å gjere barscena i Skifte til ein ynglestad for nye nynorske stemmer.

## Statistikk 2021

	ant. bill	ant. frams.	type produksj
<b>2021</b>			
<b>Fast scene</b>			
Heim 3	80	8	eigen
Svar på brev frå Helga	1759	25	eigen
Min middag med André	474	18	eigen
Stengd gitar, open prøve	53	2	eigen
Rett på sak	137	15	eigen
Djevelen og eg	866	15	eigen
Tordivelen flyg i skumringa	1241	14	eigen
Min Kenneth	1204	18	eigen
Løgn varar lengst	102	7	samarbeid
03:08:38 Tilstandar av unntak	243	3	samarbeid
Hit eit steg	48	3	samarbeid
Røyst	139	6	samarbeid
Peer Gynt	200	2	samarbeid
<b>Sum</b>	<b>6546</b>	<b>136</b>	
<b>Turné</b>			
Løgn varar lengst, Teater Innlandet	29	1	
Hit eit steg, turné Møre og Romsdal	1434	32	
Hit eit steg, turne Nordhordland, Øygarden	552	16	
Hit eit steg, Kystmuseet Øygarden	47	2	
Karantenebreva Sande kulturhus og Jakob Sande-tunet	26	2	
Røyst	305	4	
Sum	2393	57	
<b>DKS</b>			
Hit eit steg, DKB turné Askøy	119	6	
Hit eit steg, DKS turné Vestfold og Telemark vår	938	34	
Hit eit steg, DKS Austevoll	84	2	
Røyst, DKS	289	5	
Sum	1430	47	
<b>Nynorskens hus</b>			
Perfekte barn syng	29	2	
Karantenebreva	15	1	
Nynorskquiz	16	1	
Under arbeid: Styrta engel	15	1	
Intimkonsert med Jåtten/Agbota	19	1	
Kongo - Norge 2-2	30	2	
Gabba Gabba Hey	16	1	
Utdrag frå Hundemanuskripta	60	3	
Språkbar	17	2	
Impronerande	55	3	
Litterær haustfest	35	1	
Hundemanuskripta	25	1	
Det store vi	17	2	
Frosken om vinteren	40	2	
Heime åleine - alt er lov!	19	1	

Til lukke med dagen, Holberg!	15	1
<b>Sum</b>	<b>423</b>	<b>25</b>
<b>Formidling</b>		
Panel samtale Løgn varar lengst	12	1
Panel samtale: 03:08:38 Tilstandar av unntak	11	1
Ettersnakk, Min Kenneth	14	1
Senioruniversitetet i Åsane	152	1
Sum	189	4
<b>Total sum</b>	<b>10981</b>	<b>269</b>

# Personalet 2021

## **FAST TILSETTE / LENGRE ENGASJEMENT:**

Solrun Toft Iversen	Teatersjef
Atle Marøyen	Direktør
Evy Fischer	Sals- og marknadssjef
Solfrid Glesnes	Plansjef
Irene Smørdal	Kommunikasjonssjef
Eli Versto	Teknisk sjef
Britt Koldal	Systove/rekvisitør/inspisient
Cem Arapkirlioglu	Lydteknikar
Cristiano Mira Lopes	Sceneteknikar
Jon Eirik Sira	Lysmeister
Tina Horrisland Engedal	inspisient
Reidun Melvær Berge	skodespelar (toåring engasjement 21/22)
Vegard Veivåg	Scenearbeidar (engasjement til 30. juni)
Randiane Sandboe	Lysteknikar (engasjement til 30. juni)
Yvonne Kringstad	Lydteknikar (engasjement)
Lise-Lotte Flesland	Lystekningar (engasjement)
Stine Revheim Svellingen	Inspisient/sufflør (engasjement fleire produksjonar)
Ingrid Stasi Skjold	Maske (engasjement fleire produksjonar)
Mona Karstensen	Sufflør og inspisient (engasjement)
Trude Lindblom	Sminkør (engasjement)

## **PROSJEKTENGASJERTE**

### **SKODESPELARAR:**

Lars Berge  
Morten Espeland  
Lina Taule Fjørtoft  
Frode Grytten  
Ragnhild Gudbrandsen  
Helge Jordal  
Even Kjelby  
Karoline Krüger  
Peder Lauvås  
Katrine Lunde Mackenzie  
Aslak Moe  
Sigrid Moldestad  
Sigurd Sele  
Claus Sellevoll  
Jonas Skjelde  
Huy Le Vo  
Anne Wiig  
Petter Winther  
Irene Waage  
Martin Karelius Østensen

**REGISSØRAR:**

Ingrid Askvik  
Frode Gjerløw  
Lasse Kolsrud  
Tore Vagn Lid  
Miriam Prestøy Lie  
Fredrik Longva  
Bjarte Hjelmeland  
Aslak Moe

**SCENOGRAFAR/KOSTYME/ FIGURAR:**

Lise Christensen  
Åse Hegrenes  
Frode Gjerløw  
Silje Sandodden Kise  
Tore Vagn Lid  
Olav Myrtvedt  
Øystein Nesheim  
Tora Troe  
Julie S. Jensen

**MANUS/DRAMATISERING:**

Pedro Carmona-Alvarez  
Stig Amdam  
Bergsveinn Birgisson  
Kristin Auestad Danielsen  
Linda Eide  
Lina Taule Fjørtoft  
Jon Fosse  
Frode Gjerløw  
Maria Gripe  
Frode Grytten  
Bjarte Hjelmeland  
Henrik Ibsen  
Solrun Toft Iversen  
Tore Vagn Lid  
Miriam Prestøy Lie  
Ruth Lillegraven  
Aslak Moe  
Sven Nordqvist  
Hildegun Riise  
Brynjulf Jung Tjønn  
Finn Tokvam  
Sigurd Sele  
Claus Sellevoll  
Gunnar Staalesen  
Selma Lønning Aarø

**OMSETJING:**

Johannes Gjerdåker

**DRAMATURG:**

Solrun Toft Iversen

**KOMPONISTAR:**

Tore Vagn Lid

Terje Isungset

Selma Frida Stang

**MUSIKKARRANGEMENT:**

Harald Dahlstrøm

Toivo Fjose

Tore Vagn Lid

Steinar Krokstad

Ole-Marius Sandberg

Kato Ådland

**MUSIKARAR:**

Pedro Carmona-Alvarez

Michael Barnes

Anders Bitustøyl

Annlaug Børsheim

Harald Dahlstrøm

Vidar Eldholm

Toivo Fjose

Tommy Haltbakk

Terje Isungset

Per Jørgensen

Steinar Krokstad

Tore Vagn Lid

Mathias Marstrander

Ole-Marius Sandberg

Morten Skage

Einar Sogstad

Ivar Thormodsæter

Thomas Valeur

Sondre Veland

**KORISTAR:**

Ingvill Espedal

Tora Kristiane Finne

Alexander Fiske Fosse

Erling Hannaas

Hilde Annine Hasselberg

Daniela Iancu Johannessen

Idar Aaserud Løvlid

Karl Reksten

Rolf J Stewart

## **LYS-/VIDEODESIGN:**

Silje Grimstad

## **LYD:**

Cem Arapkirlioglu  
Jørgen Brennhovd  
Mathias Grønsdahl  
Tore Vagn Lid  
Morten Skage  
Elaine Maltezos

## **ANDRE KUNSTNARAR:**

**Teiknarar:** Øystein Nesheim, Arvid Pettersen, Fredrik Rysjedal **Illustratør:** Gustav Kvaal  
**Kamerateam:** Anders Elsrud Hultgreen, Øystein Nesheim, Tor Christian F. Bleikli  
**Research** Tor Christian Bleikli, Tore Vagn Lid, Øystein Nesheim,  
**Dramaturg-konsulent:** Åste Marie Bjerke **Tekstkonsulent:** Hilde Trætteberg Serkland  
**Koreografisk konsulent:** Hilde Sol Erdal

## **PUBLIKUMSVERTAR:**

Caroline Tømmerås Ermesjø  
Alice Lara Frick  
Anne-Marie Helbo  
Åsa Opedal  
Ania Popowska  
Arya Rogne  
Katarzyna Sikorska

## **STYRET**

Styret i Det Vestnorske Teateret har i 2021 hatt 6 styremøte. Til saman har 52 saker vore til handsaming. Generalforsamlinga vart halden 27. april 2021. Grunna restriksjonar måtte generalforsamlinga gjennomførast på Teams. Det vert her vist til *Midlertidig lov om unntak fra krav til fysisk møte mv. i selskaper, samvirkeforetak og stiftelser*

## **Styresamansetjing etter Generalforsamling 2021:**

Pål W. Lorentzen	Styreleiar	Representant Vestland fylkeskommune
Ragnhild Stolt-Nielsen	Styremedlem/nestleiar	Representant Vestland fylkeskommune
Rasmus Laupsa Rasmussen	Styremedlem	Repr. Vestland Fylkeskommune
Gunn Åmdal Mongstad	Styremedlem	Repr. Vestland Fylkeskommune
Vivian Midtsveen	Styremedlem	Representant andre eigarar
Solfrid Glesnes	Styremedlem	Representant tilsette
Mona Høgli	Varamedlem	Repr. Vestland fylkeskommune
Einar Jacobsen	Varamedlem	Repr. Vestland fylkeskommune
Torgeir Toppe	Varamedlem	Representant andre eigarar
Evy Fischer	Varamedlem	Representant tilsette

Teatersjefen har møtt på styremøta. Direktøren er sekretær for styret.

**Valnemnd**

Aleksander Øren Heen, leiar (Geir-Kjell Andersland føreslått ny leiar frå hausten 2021)

Silja Ekeland Bjørkly

Evy Fischer

Ingvild Kivijärvi Hals

**EIGARTILHØVE:**

Hordaland/Vestland fylkeskommune	240 luter
Vestlandske Teatersenter	80 luter
Folkeakademiet Hordaland	20 luter
Hordaland Ungdomslag	20 luter
Hordaland Mållag	20 luter
Voksenopplæringsforbundet	20 luter